

# DYPFRYST

av Roald Dahl

**Forteljar:** «Det er varm og hyggeleg i stua. Mary Maloney venter på at mannen, Patrick Maloney, skal kome heim frå arbeidet.

*Mary Maloney kikker på klokka, steller i stua, gjer klar stolen til mannen, set seg ned med sytøyet. Ho høyrer ein bil – bildør – skritt – nøkkel i låsen – mannen kjem inn.*

**Mary:** «Hallo, skatten min»

**Patrick:** «Morn» (sur)

*Mary tar jakka hans og heng den opp.*

**Mary:** «Er du trøtt, kjære?»

Patrick: «Ja»

Mary: «Skal eg lage ein drink til deg?»

Patrick: «Ja»

*Lager drink og serverer.*

**Mary:** «Skal eg hente tøflene dine?»

**Patrick:** (mumlende) «Nei»

**Mary:** Eg synest det er aldeles forferdeleg at du som har vore så lenge i politiet, skal behøve å trave rundt heile dagen.

*Patrick røyser seg for å blande nok ein drink, då den første gjekk fort ned.*

**Mary:** «La meg gjere det» (ho sprett opp av stolen)

**Mary:** «Har du lyst på litt ost, kjære? Det er jo torsdag i dag, så eg har ikkje laga middag til oss.»

**Patrick:** (mumlende) «Nei»

**Mary:** «Dersom du er for trøtt til å spise ute, er det ikkje for seint å lage til noko. Der er både kjøt og andre gode ting i kjøleskapet. Du kan få maten her. Du treng ikkje å gå så mykje som eit skritt.» I hvert fall går eg ut og henter litt ost og kjeks til deg no. (litt nervøs)

**Patrick:** «Eg vil ikkje ha noko» (irritert)

**Mary:** «Skatten min, du må no ete noko. Eg går og lagar til noko, så kan du gjere som du vil – enten du vil ha det eller ikkje»

**Patrick:** «Ikkje gå! Bli sittande, er du snill. Berre eit minutt.» (tømer det andre glaset) «Eg har noko eg må fortelje deg.»

**Mary:** (nervøs) «Kva er det, kjære? Er noko i veien?»

**Patrick:** «Eg er redd du vil få litt av eit sjokk, men eg har tenkt over saken ei god stund. Eg skal gi deg reine ord for pengane. Håper du ikkje blir rasande på meg.»

**Forteljaren:** Patrick Maloney fortel at han vil gå frå henne. Det tek berre tre til fire minutt. Kvart ord fører ho lenger og lenger bort frå han.

**Patrick:** «Det er det heile. Eg kunne kanskje valt ei anna tid og ein annan måte, men eg visste ikkje når og korleis. Du får sjølv sagt det du treng av pengar, og så håper eg vi kan ordne opp i dette på fredeleg vis.»

*Mary blir sjokkert, og sterkt prega av det ho har høyrte, seier ho kviskrande.*

**Mary:** «No skal eg gå å lage i stand middag»

*Ho går til frysaaren og tek ut ei lammesteik.*

**Patrick:** «Du treng ikkje lage middag. Eg skal ut.»

*Mary går bort til ham. Løfter steika høgt i lufta, og smell den i bakhovudet på han. Går nokre skritt tilbake og ser at han dett saman. Han er død.*

*Mary ser med eit kaldt blikk ut i rommet.*

**Forteljaren:** Mary, som er gift med ein politimann, veit kva straffa er for eit overlagt drap. Tankane flyg gjennom hovudet hennar. Vil ho bli henretta? Kva vil skje med barnet? Ho må rett og slett reinvaske seg sjølv.

*Mary tek med steika på kjøkkenet. Legg den i langpanna, skrup på ovnen og set den inn. Så vasker ho hendene. Set seg foran speilet og steller håret og sminker seg. Ho øver seg på å smile naturleg.*

**Mary:** «Morn, Sam» (høgt og muntert til speilet). «Eg skulle hatt nokre poteter, takk, og så en boks med erter» (Øver på dette fleire gonger)

*Tek på kåpa og går ut.*

**Mary:** Morn, Sam

**Sam:** God aften, Fru Maloney

**Mary:** Eg skulle hatt nokre poteter, takk, og så en boks med erter.

*Sam tek ned erter frå hylla.*

**Mary:** Patrick var så trøtt då han kom heim, så vi bestemte oss for å ete heime. Ellers bruker vi å gå ut kvar torsdag, og det er grunnen til at eg ikkje har grønnsaker i hus.

**Sam:** Eg har fint kjøt også, fru Maloney.

**Mary:** Eg har kjøt, takk. Eg hadde ei nydeleg lammesteik i frysaaren.

**Sam:** Å ja.

**Mary:** det er visst ikkje rett å steike den utan å tine den først, men eg tek sjansen. Trur du det går bra?

**Sam:** Personleg så trur eg ikkje det spelar noko rolle. Og så var det poteter – kor mykje vil du ha?

**Mary:** La meg få eit par kilo.

**Sam:** Var det noko meir? (legg hovudet på skakke og smiler til ho) Du kan vel ikkje berre servere lammesteik. Han skal vel ha dessert også?

**Mary:** Ja, det skal han vel... Kva vil de foreslå?

**Sam:** Kva seier du til eit stykke av denne ostekaka?

**Mary:** Ja, la meg få det. Det er det beste han veit.

*Sam pakkar den inn, Mary betaler og dei smiler til kvarandre.*

**Mary:** Mange takk, Sam

**Sam:** God aften, Fru Maloney. Og takk skal de ha.

**Forteljar:** Mary småspring heim. Ho må skunde seg heim til mannen som ventar på middagen. Ho må virkeleg gjere seg flid med middagen, sidan han var så trøtt. Og dersom noko virkeleg tragisk eller

uhyggeleg har skjedd i huset, vil ho naturlegvis få eit voldsomt sjokk og bli frå seg av sorg og gru. Ho er jo berre på vei heim med maten ho har kjøpt.

*Mary kjem smånynnande inn på kjøkenet.*

**Mary:** Patrick. Her har du meg igjen.

*Mary legg pakken på bordet, går inn i stua, og oppdager mannen som ligg der, med kroppen litt forvridd i ei merkeleg stilling. Ho får sjokk, spring bort til han, kneler og byrjar å strigråte, når ho oppdager at han er død. Så spring ho til telefonen.*

**Mary:** Kom fort! Patrick er død.

**Politimann:** Kven er det som ringer?

**Mary:** Fru Maloney, Fru Patrick Maloney.

**Politimann:** Er Patrick Maloney død?

**Mary:** Eg trur det. Han ligg på golvet. Eg trur han er død.

**Politimann:** Vi kjem med ein gong.

*Ein bil stansar utanfor (lyd), Mary spring og opnar døra og kaster seg i armane på Jack Noonan og hulker hysterisk. Han plasserer henne rolig på ein stol. O'Malley kneler ved sidan av liket.*

**Mary:** Er han død?

**Jack:** Ja, det ser slik ut. Kva var det som hendte?

**Mary:** Eg skulle berre til butikken ein tur for å gjere innkjøp. Når eg kom heim, fann eg han liggande på golvet slik han ligg no.

*Detektivane, fotografen og fingeravtrykkseksperter kjem inn og jobbar i huset og rundt liket.*

**Detektiv 1:** *Hyggeleg.* Kan du fortelje kva du har gjort i dag? Har du vore i huset heile dagen eller har du vore ute?

**Mary:** Etter at mannen min kom heim, gjekk eg til butikken ein tur, sidan han var trøtt og ville ete heime. Du skjønar, vanligvis et oss ute på torsdagar, men i dag ønskte Patrick å ete middag heime. Eg satte derfor ei lammesteik i ovnen, gjekk til butikken for å kjøpe grønnsaker og når eg kom heim (*trist*) fann eg Patrick slik.

**Detektiv 1:** Kva butikk gjekk du til?

**Mary:** Eg var hos Sam rett nede i gata her.

*Detektiven kviskra noko til den andre detektiven, som noterer og går hurtig ut døra. Fotografen og fingeravtrykkseksperter jobbar vidare, medan Mary sit urørleg med eit sorgfullt uttrykk i ansiktet.*

*Etter ei stund. Detektiv 2 kjem tilbake og kviskrar til detektiv 1.*

**Detektiv 2:** «...oppførte seg som elles....verka blid og fornøgd....god middag....erter....ostekake...utenkeleg at ho...»

*Doktor og fotograf går ut – to menn kjem inn og hentar liket i bære. Til slutt er det berre dei to detektivane og dei to politimennene igjen.*

**Jack:** Du vil ikkje kome og bo hos oss i natt, eller kanskje med søsteren din?

**Mary:** Nei, eg orkar ikkje å bevege meg så mykje som ein meter. Om det er greit for dykk, vil eg berre vere her til eg føler meg betre.

**Jack:** Kanskje du vil gå å legge deg ei lita stund?

**Mary:** Nei. Eg vil berre sitte i denne stolen, så får eg heller sjå kor eg føler meg om litt.

**Detektiv 1:** Veit du om mannen din hadde nokon uvenner eller noko uoppgjort med nokon?

**Mary:** Eg kan aldri tru at Patrick hadde nokon uvenner. Han var alltid like snill og god med alle.

**Jack:** Det ser ut som mannen din har blitt drept av ein stump gjenstand, sansynlegvis av jern. Kanskje har morderen tatt med mordvåpenet. Dette ser ut som den samme gamle historia; Finn mordvåpenet og mannen set i saksa.

**Detektiv 1:** Veit du om noko i huset som kunne blitt brukt, ein stor skiftenøkkel eller ein vase eller noko?

**Mary:** Eg trur ikkje vi har slike ting, men de må berre sjå i garasja om de finn noko der.

*Detektivane går ut.*

**Mary:** Jack, har du noko imot å gi meg ein drink?

**Jack:** Neida. Kva vil du ha? Litt av denne whiskyen her?

**Mary:** Ja takk, men berre litt. Eg trur det vil smake godt med ein drink akkurat no. (pause – Jack rekk henne glaset). Forsyn deg sjølv. Du må jo vere trøtt. Berre ta.

**Jack:** Tja... eg har ikkje lov å drikke i tjeneste, men ein liten dråpe kan vel ikkje skade.

*Detektivane kjem inn igjen.*

**Mary:** De må berre ta ein drink de andre også. Eg er sikker på at de er trøtte alle saman.

*Dei tre andre tek imot. Jack går ut på kjøkkenet men snur fort og kjem tilbake.*

**Jack:** Fru Maloney, veit de at steikeovnen står på, og at steika står i framleis?

**Mary:** Gid, ja det gjer den jo.

**Jack:** Er det ikkje best at eg slår den av?

**Mary:** Jau, gjer det er det snill.

*Jack slår av ovnen, og kjem inn på stua og bort til Mary. Mary ser opp på han med triste auge.*

**Mary:** Vil du og kollegaene dine gjere meg ei tjeneste?

**Jack:** Viss vi kan så.

**Mary:** Saken er den, at de er Patrick`s gode vener alle saman. De har arbeidd i mange timar og er sikkert veldig svoltne. Det er seint på kvelden alt. Eg veit at Patrick, fred vere med han, aldri ville tilgi meg om eg ikkje viste allminneleg gjestfrihet, og no vil eg be dykk om å ete opp den lille lammesteika.

**Jack:** Nei, det går ikkje an.

**Mary:** Jau, ver så snill. Et den opp. Eg orkar sjølv sagt ikkje noko. Eg orkar ikkje ete noko som eg hadde i huset medan han var her, men det er anleis for dykk. De vil gjere meg ei tjeneste om de et den opp, så kan de arbeide vidare etterpå.

*Dei fire politimennene let seg overtale og rusler ut på kjøkenet, Mary blir sittande i stua, dei et opp heile steika medan dei småpratar.*

**Detektiv 1:** Fyren som drog til Patrick, må ha brukt ei kjempesvær klubbe. Doktoren sa at skallen såg ut som han hadde fått eit slag frå ei storslegge.

**O`Malley:** Derfor burde det vere lett å finne mordvåpenet.

**Jack:** Ja, det meiner eg også. Den som he gjort dette, kan ikkje bli gående rundt med ein slik ting særleg lenge.

**Detektiv 2:** Personleg så trur eg den fins her i huset, eller i hagen.

**O`Malley:** Det trur eg også. Den ligg sansynlegvis rett framfor nasen på oss. Kva meiner du Jack?

*Mary fniser stille inne i stua.*